

**Fysioterapeut og skodespelar Stig Nordbø Børsheim frå Uskedalen står nå framfor ei ny, spanende oppgåve på scenen: Han er med i noregspremieren på stykket Rasingen nede i byen av Tennessee Williams den 19. november i Oslo. Seinare håpar dei å koma også til Vestlandet med dette.**

Synne Krogstad, Erik Bolstad, Synne Johannesen, Stig Nordbø Børsheim og to barn som syng er med i stykket.

Skodespelarane utgjer teatergruppa III. Etasje og dei har sjølve omsett stykket til norsk og fått det godkjend av dei som har rettighetene.

Stykket, som vart skriva i 1971, er ein tragikomedie om vold, sjølvdestruksjon og korleis ein er si eiga lykkes smed. I denne perioden skreiv Williams fleire einaktarar som danna grunnlag for større stykker som Ein sporvogn til begjær, Katt på hett blikktak og Glassmenasjeriet.

Handlinga går føre seg i ein overklasseheim og gjennom heile stykket høyrer ein eksplosjonar som kjem nærare og nærare. Utifrå samtalen forstår ein at det har vore ein maktøvertaking der dei revolusjonæra har gjort det daglege livet til overklassen problematisk. Samstundes med at byen raseres blir også verdiane og relasjonar prega av ein oppløysingstilstand.

Med denne oppsettjinga vil III. Etasje utforska vår eigen kultur i lys av korleis samfunnet er i dag med dei strømingane som er aktuelle også i vårt land. Stykket blir flytta hit ved å fornorska namn og det visuelle. Skodespelarane ønskjer å sjå på faresignalar vi som samfunn og individar står overfor i vår velstand, særleg når det gjeld våre relasjonar til kvarandre.

Hvilke verdiane har vi og hvilke av dei er det eigentleg verd å kjempa for?

Av Ola Matti Mathisen